



4-0 over Herd var ein overbevisande start for dette laget frå Rosendal/Uskedalen. (Foto: Janne Yri)

Laga jenter 14 og jenter 13 frå Rosendal (det siste også med fire uskedelingar på laget) vann dei første kampane sine i Norway Cup i dag.

Dei 14 år gamle jentene slo Enebakk 2-1 og Inga Øye og Amalie Hanstveit scora for Rosendal.

13-årslaget sigra over Herd med 4-0 etter å ha leia 2-0 ved pause og gjorde ein overbevisande innsats som lovar det beste for det som skal skje vidare. Kari Bråtun frå Uskedalen og Helene Skåla frå Rosendal noterte seg for eitt mål kvar i kvar omgang.

Dei tre andre uskedelingane på dette laget er Katrine Yri Røssland, Anne Marthe Zimmer og Karoline Isdal Amundsen.

I morgon ettermiddag skal laget møte Vålerenga og det blir nok ei vanskelegare oppgåve! Oppgård er fjerde og siste laget i denne pulja.

Det blir rapportert om god stemning og fint ver frå Ekebergsletta.

Det tredje laget frå Rosendal/Uskedal er i klassen for gutar 14 og der er uskedelingane Kjell Stensletten, Martin Hauge og Hans Fredrik Zimmer med.

Dei har førebels ikkje vore i aksjon. Det har skjedd ein endring i kampsoppsettet slik at dei ikkje skal spela kampar før måndag. Då skal dei møta Skedsmo på morgonkvisten og Nordstrand om ettermiddagen.

Av Ola Matti Mathisen